

Bruk av testamentarisk gåver – 2025 årsavslutning status

JENSEN FOND

Jensen-fondet er opphavleg knytt til Rosendalsområdet og er øyremerkert til investeringar i sjukeheim. I 2025 har kommunen pussa opp fellesareal i bufellesskapet og kjøpt fleire takheisar til institusjonen. Målet med desse tiltaka er å betre tilbodet for brukarane og samtidig ta vare på dei tilsette.

STATUS	NOK
1.1.2025	-701.233
møbler til bufellesskap	91.864
takheisen	442.885
rente for 2025	-16.920
31.12.2025	-183.404

SANDVIK FOND

Retningslinene for Sandvik-fondet opnar for bruk av midlar til trivselstiltak for bebuarar på institusjon og heimebuande eldre, samt til inventar, møblar, utsmykking og utstyr som kan lette den daglege arbeidssituasjonen. Sektorleiar kan kvart år disponere inntil 50 % av renteinntektene utan eiga godkjenning frå Levekår. I 2025 vart dette handlingsrommet ikkje brukt.

I 2025 er fondet nytta til tiltak som var førehandsgodkjende av Levekår. Midlane er brukte til vidareføring av lisensar for treningsutstyr ved institusjonane, og til opplæring i ein tverrfagleg utgreiings- og refleksjonsmodell som skal støtte tilsette i arbeidet sitt.

STATUS	NOK
1.1.2025	-5.366.639
lisensar til trening utstyr	177.495
TID opplæring	300.000
rente for 2025	-220.423
31.12.2025	-4.679.051